

Referat frå styremøtet IT-forum S&Fj

Stad & tid: Transplant i Dale, torsdag 5. november 10:00-15:00

Deltakarar:

Atle Hamar
Stig Starheim
Yngve Hallen
Anne Karin Hamre
Liv Bodil Baug,
Heather Broomfield
Ivar Petter Grøtte
Anne Margrete Alværn
Øyvind Heimset Larsen
Bjørn Sørensen (frå sak 3)

Forfall: Geir Grime

Møteleiar: Atle Hamar

Referent: Øyvind Heimset Larsen/Ivar Petter Grøtte

Sak 1. Omvisning og orientering om Transplant ved Birgitta Ralston

Styret fekk omvisning og orientering om historien bak verksemda, aktivitetar, produksjon og planar. Styret vart imponert!

Sak 2. Møtereferat

Referatet vart sendt ut seint.

Referatet vart godkjent.

Det vart fremja ønskje om å ta i bruk av internettverktøy for oppbevaring, oversikt og deling av møtereferat. (Gruppevare). Basecamp.com var nemnt opp som eit potensielt alternativ. *Sekretariatet vurderer verktøyet til neste møte.*

Grøtte gjekk også gjennom referat frå styremøte 08.05.09. Hovudsakleg var det eit arbeidsmøte for konferansen mm. Utsending /tilgjengeleg basecamp.no.

Referatet godkjent

Kommentar til agenda

Fordeling av tema og ansvar for blogging må klargjerast.

3. Evaluering av IT-forum-konferansen

Grundig evaluering og referat der Yngve gjorde greie for erfaringsdokumentet han har utarbeidd.

Evalueringa viser god gjennomføring. Bra deltaking, også næringsliv. Økonomi: Positivt resultat som budsjettert i første budsjettukast. Enno manglar nokre inngåande faktura. Ventar om lag 50-70 tusen i pluss. Det er stramma inn av komiteen kven som skulle få vere der

gratis. Dette viser att i felleskostnadene. Viktig å halde hardt på prinsippet om at berre eksterne foredragshaldarar slepp betaling.

Oppsummering frå Yngve:

- Styret seier seg nøgd med konferansen 2009.
- Namnet Teknologikonferansen vert også namnet i 2010.
- Sekretariatet skal lage ein utvida instruks for seg sjølv og komiteen, der arbeidsdeling, budsjett, møtестruktur, kommunikasjons-/marknadsføringsansvar, påmeldingsrutinar, hotellrutinar, gjennomføringsrutinar er punktvis opplista.
- Konferansen 2010 skal gå frå lunsj til lunsj som i 2009.
- Struktur (program) for 2010 skal vere etter same lest som i 2009, med 2 hovudføredrag og 2 parallellsesjonar dag 1, to hovudføredrag dag 2 med etterfølgjande paneldiskusjon. Parallellsesjonane må kanskje strammast opp.
- Privat næringsliv skal trekkast med på konferansen, og programmet må difor også vinklast sterkt mot denne sektoren.
- Elevar/studentar må ha eit tak på tal deltakarar, og helst fordelast med ei gruppe kvar dag (t.d. 30 stk kvar dag). Kostnadane for elevar bør dekkast av Fylkeskommunen.
- Sekretariatet skal lyse ut konferansen til hotella Sogndal Hotell, Sunnfjord Hotell, Alexandra Hotell og Skei Hotell i løpet av desember 2009. Kravspesifikasjonen skal legge vekt på tilrettelegging av stands, lokal og god mat, godt møtelokale og pris.
- Pluss-sider som skal takast med frå 2009 er: Topp føredragshaldarar på hovudføredraga, god møteleiar, underhaldning på kvelden, nær 50/50 deling av kjønn som føredragshaldarar, teknologi som eit praktisk element under konferansen, god konferansesal og god plassering av stands.
- Nye fokusområde der vi må bli betre er: Mat, teknisk gjennomføring, oppstramming dag 2 med to topp føredragshaldarar og gjennomført møteleiar begge dagar. Programmet må legge opp til minst like mykje pausar som i 2009.

Evalueringsdiskusjon:

- Nødvendige endringsgrep var vellukka. For utsillarar og deltarar. Program, geografisk plassering og fasilitetar. Utstillarar var veldig nøgde i år, i motsetnad til i fjor.
- Det tekniske må funger betre audiovisuelt neste år.
- Det er eit faktum at næringsliv i Nordfjord ikkje har stilt opp sjølv om konferanse var i Nordfjord.
- Forslag om fast rullering av konferansestad. Men fleire ser føremon med å etablere fast møteplass som Temposeminaret. Semje førebels om å prøve eit år til på Skei om alt anna skulle liggje til rette for dette.
- Forslag om å flytte fokus på konferansen meir ut av styret enn no. Styret bør fokusere på ramme, innhald. Meir overordna tenking. Kjøpe ekstern teneste arrangementssupport.
- Sekretariatet lagar utvida/oppdaterert instruks for seg sjølv og styret.
- Flott konferanse. Særleg første dag. Flotte lokaler. Sosiale medie for kunder. Kunne og vore meir fokus på sosiale medier for demokrati. Mat var mest negativt. Kopling til lokalmatleverandørar? Også at det tekniske ikkje heilt fungerte på teknologikonferansen. Vi manglar produsere. Prinsippet bør vere at berre ikkje-medlemmar får dekkja kostnader.
- Færre parallellsesjonar mot ulike målgrupper. IN kan selje målretta meir enn i år, men treng presis informasjon tidlegare.
- IT- folk tykte det var tynt på teknologi, særleg andre dag. Etterspør meir spissing av parallellsesjonar.

- Tema og innleiarar var nokså like.
- Konferansekollisjonar; Ergo- konferansen i Tønsberg for offentleg sektor er stor. IT-tinget ein annan kollisjon.
- Styrke sekretaritsfunksjonen med større ramme til eksternt innkjøp. Eit punkt i strategien var å skape ein av fylkets beste møteplassar. Det lukkast ein med. Mykje forhandlingar av tenestekjøp, dialog, etc mellom utstillarar og deltakarar.
- Logistikk viktig kriterium for lokalisering.
- Namnedebatt: Eit forslag er IT-forum: Næring, folk og demokrati.
- Yngve tek kontakt med Skei hotell og forhandlar om ein neste runde (ikkje inngår kontrakt, men diskusjon).
- Sekretariatet bør sende ut spørsmål til elevar og lærarar for evaluering.

4. Utdjuping/vidareutvikling av strategiarbeid og konkretisering handlingsplan

Heather hadde innleiing med innspel om kompetansenett-prosjekt. Eit prosjekt som kjem frå IN og må forankrast breitt gjennom it-forum

Tilgang til kunnskap og kunnskapsøkonomi i Sogn og Fjordane:

- Kunnskap som produksjonsfaktor, korleis få pengar ut frå kunnskapen.
- Livslang læring er sentralt.
- Kunnskapsarbeidarar verdset livskvalitet høgt..
- Internasjonalt skjer mykje kunnskapsformidling gjennom webcasting og podcasting, men lite i Norge enno.
- Tilgang til t.d. totimers informasjonsmøte i Oslo er også eit problem for oss med tidkrevande og dyre reiser til Oslo.

Fortrinn: Auke kunnskapsnivå. Spare tid, miljø. Fleire kan delta.

Barrierer: Frykt for å miste nettverkseffekt. Fysisk kultur- ein tel berre fysisk tilstadeverande på konferanse.

Eksempel: Gisle Hannemyr-seminar i Sogndal: 60 oppmøtte og 300 deltakarar på nett.

Framlegg til forprosjekt: Regionalt partnerskap.

- Tilgjengeleg teknologi,
- Oversikt over aktuelle eventar i regionen
- Kampanje for webcasting
- Universitetskurs. HSF som mellomledd- anten kurs kjem frå Norge eller utanlands?
- Vurdere å sponse teknisk leveranse av nokre eventar frå Oslo. Unngå "å bli møtte med vi kan ikkje, vi har ikkje ressursar". Tvinge dei til å innrømme at "vi vil ikkje dele".
- Neste steg: IN skal formalisere arbeidsgruppe. Kick off tidleg neste år.

Anne Martgrete hadde innspel om teknologikonferansen og bruk av sosiale media.

Erfaringar med Facebook, twitter og Evas blogg.:

Tidskrevjande. Styret i gang på sosiale media no. Må provosere for å få debatt. Det legg beslag på ein person under konferansen.

Debatt: IT-forum si rolle i fylket

Rolle knytt til breidda til breibandet.

Rolle knytt til å gjere fylket bevist på bruken av sosiale media.

IT- forum må ha fokus på begge deler.

- Dei store pengane går til infrastruktur, og det er nødvendig. Vi greier ikkje flytte fokus frå dei dårlege vegane til innhald og kompetanse. Ikkje unikt for oss.
-

No har vi hatt idedugningar og har behov for å komme i handlingsmodus. Vi må peike ut mål og handlingsplanar.

- Det nye spleiselaget, som vert enno dyrare enn før, fiber til fylket.
- Vurdere styresamansetningen og strategiplattformen som gjerne må formulerast på nytt av medlemmane.
 - Kven er naturlege deltakarar framover? Fylkeskommune og Fylkesmann. Dei øvrige deltakarane meiner nokon kan vurderast.
 - Innspel om at det er lite satsingar som går konkret mot næringslivet. Fiber og kompetanse er viktig for næringslivet, men det manglar noko.

Suksesskriteriet er å få til fleire større aktivitetar samtidig og framstå samla.

Vi har aldri fått til bedriftsnettverket på tvers, sjølv om det vart drive ehandelsgruppe i regi av Stryn næringshage. Fylket har vore uvanleg samkøyrte i offentleg sektor og ein har fått til mykje fordi ein har kunna trykke på og allokere ressursar. Vi bør velje ut få fokusområder.

Undergrupper og eigen eksistens? eForvaltning, skule og helse handla mykje om det same. Vi treng noko nytt som synleggjer oss i media.

Strategi på tre nivå: Infrastruktur, innovasjon (=effektivisere tenester og innhald) og framtidstankar/visjon. (=tilgang til kunnskap internasjonalt).

5. Orientering om utlysinga av 19. mill kr til breibandprosjekt i S&Fj med frist i nov. (strategi og oppfølging via Breibandforum)

Grøtte informerte om fibersatsinga der BBF har bidreg. Minst 4 pilotprosjekt i fylket for å lære meir før dei større pengane kjem. Nødvendig fordi ein må skjere gjennom vanskeleg diskusjonar og få fram nødvendig kunnskap. Frist i slutten av månaden. Sørge for at marknaden løyser behova der marknaden fungerer og it-forum bidreg der ein ser det ikkje skjer av seg sjølv.

Dette er vesentleg vanskelegare enn i første runde med breiband der me skulle dekke område utan breiband. Innkjøpsreglar og utforming av anbud er avgjerande.

Orientering på neste møte om resultat og erfaringar frå prosjektutlysinga

6. Muleg studietur for IT-forum til USA i mars 2010

Ein diskusjon som har gått i miljøet ei stund. IT-forum får no ein "satellitt" i San Fransisco. Heather skal hospitere tre månader hjå IN San Francisco feb-mai og kan vere med å organisere studieturen. Deltakarar bør ikkje vere berre styret, men og representantskapen. Driftsgruppa er og interessert.

Styret ser dette som interessant og ber Heather og sekretariatet å arbeida vidare med opplegget.

Aktuelle bedrifter/stadar å besøke: University of Berkley/Stansford, Apple/Google/Microsoft/Pacific Bell (telekom)- San Fransisco by og opplegg for redusere breibandsskilje (lokalsamfunnsutvikling etc). Ved reise via Las Vegas: sikringsteknologi. Canada er også ein mulighet.

Tidspunkt: Styreleiar og sekretariat førsler veke 12 – ca 20-28. mars 2010. Dette er veka før påske i 2010.

Økonomi: Sist bidrog ITF med 5000 kr pro pers. I 2009 vart det ikkje nytta midlar på tur. Bredde i invitasjon er viktig. Endeleg bidrag blir bestemt når kostnadene blir klare.

7 . Ev andre saker

Neste møte: Fysisk møte for å slutføre strategien. 14. desember. Stad: Sogndal
Representantsskapsmøte medio mars. Veke 10. 10.mars. Stad: Førde